



## Statens vegvesen

Leiv Eidsnes  
Eidsnesvegen 106  
5913 EIKANGERVÅG

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:  
2014/056274-003

Dykkar referanse:

Vår dato:  
21.04.2015

### **Endring av førehandstilsegn - utbetring av eksisterande avkøyrsla - gnr. 215 bnr 19 - Lindås kommune**

Vi viser til førehandstilsegn datert 26.05.2014 og synfaring saman med Lars Eidsnes 13.04.2015.

Avkøyrsla slik den er i ferd med å verte opparbeidd er ikkje i samsvar med førehandstilsegnet. Det utfylte området langs vegen er ikkje breitt nok til at krav til 3 meter svingradius kan oppfyllast i retning søraust. Avkøyrsla var også vesentleg breiare enn den 3 meters breidda som er vist i prinsippskissa som følgde førehandstilsegnet.

På synfaring vart det drøfta ei løysing der breidda i avkøyrsla vert auka til 4,5 meter og der svingradius i retning søraust berre vert markert 90 grader inn i avkøyrsla. Dette er ei løysing som vegvesenet kan akseptere i denne saka. Vedlagt følgjer ei skisse som viser ei avkøyrsla utforma i samsvar med desse krava.<sup>1</sup>

I retning nordvest ynskjer tiltakshavar å setje opp gjerde på murkanten, i tillegg til kant for å hindre utforkøyring. Fundamentet for gjerdet ikkje kan vere høgare enn 50 cm i frisisiktsona. Eventuelt gjerde i frisisiktsona må ha maskevidde på minimum 15 x 15 cm.

Betongkant og mur må avsluttast/nedførast før dei kjem i kontakt med vegkant. Dette for å unngå skade ved brøyting av fylkesvegen.

Vi gjer merksam på at avkøyrsla er dimensjonert for mindre køyrety (personbil). Tilkomst med større køyrety vil krevje ei større utfylling sør for fylkesvegen enn det som er opparbeida.

<sup>1</sup> Kartgrunlaget er ikkje oppdatert, og plasseringa av avkøyrsla i skissa er derfor ikkje nøyaktig. Prinsippa i skissa kan samla sideforskyvast langs fylkesvegen.

**Vedtak**

Med heimel i veglova §§ 40-43 har vi fatta følgjande vedtak:

Punkt 5 i førehandstilsegn datert 26.05.2014 vert endra til:

- Svingradius skal vere 3 meter (diameter 6 meter). Svingradius i retning søraust skal markerast tydeleg med betongkant eller annan avvisande kant mot sideterrenget 90 grader inn i avkøyrsla, jamfør hjørneavrunding markert med rosa i vedlagt skisse. Det smalaste punktet i avkøyrsla skal vere 4,5 meter. I retning nordvest er det ikkje naudsynt å markere svingradius langs areal som er skravert med blått i vedlagt skisse. Avkøyrsla kan her avgrensast med kant langs mur vist i skissa.


**Vidare saksgang**

Ta kontakt med sakshandsamar dersom det er spørsmål i samband med opparbeiding av avkøyrsla.

Når avkøyrsla er opparbeidd etter krava vert bruksløyve gjeve av Statens vegvesen ved at tiltakshavar tar kontakt med sakshandsamar.

Vedtaket kan påklagast, jamfør vedlagt "Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak".

Plan og forvaltning - Bergen  
Med helsing


  
Odd Høydalsvik  
sjefingeniør

  
Unn Jenny Utne Kvam

Kopi: Lindås kommune (e-post)



20.04.2015  
Målestokk 1:200  
Statens vegvesen



murkant

R33m

bebyggelse eller  
annen utvanning  
kant mot fide-berget

R39m

215/19

215/10